

Protokoll frå konsultasjonar mellom Færøyane og Noreg om forvaltning av nordaustatlantisk makrell for 2021

16. juli 2021

- 1** Ein delegasjon frå FÆRØYANE leia av Herluf SIGVALDSSON og ein delegasjon frå NOREG leia av Ann Kristin WESTBERG møttest til videokonferansar i løpet av mai og juni 2021 for å drøfte enkelte sider ved forvaltninga av nordaustatlantisk makrell.
- 2** Delegasjonane viste til det lange fiskerisamarbeidet mellom Færøyane og Noreg, og peikte særleg på dei viktige økosystemtokta kvar sumar.
- 3** Delegasjonane viste til protokoll datert 4. desember 2020 frå konsultasjonar mellom Noreg, Den europeiske unionen, Færøyane, Grønland, Island og Det britiske samveldet om forvaltninga av nordaustatlantisk makrell for 2021, der partane vart samde om ein totalkvote for makrell på 852 284 tonn.
- 4** Delegasjonane viste vidare til protokoll datert 8. desember 2020 frå konsultasjonar mellom Noreg og Færøyane.
- 5** Delegasjonane noterte seg at Færøyane har fastsett ein nasjonal kvote for makrell på 167 048 tonn for 2021, og at Noreg har fastsett ein nasjonal kvote på 298 299 tonn for 2021. Færøyane har ført over 6 600 tonn makrell til Noreg, jf. protokoll datert 8. desember 2020.
- 6** Delegasjonsleiarane vart samde om å tilrå tiltaka i paragrafane 7-11 til sine respektive styremakter.
- 7** Færøyske fartøy skal kunne fiske inntil 50 prosent av sin nasjonale makrellkvote, tilsvarande 83 524 tonn, i Noregs økonomiske sone og fiskerisona ved Jan Mayen. Norske fartøy skal kunne fiske inntil 83 524 tonn av sin nasjonale makrellkvote i farvatn under færøysk jurisdiksjon.
- 8** Færøyske fartøy skal kunne lande i Noreg etter eiga avgjerd all makrell som er fiska i Noregs økonomiske sone og fiskerisona ved Jan Mayen. Makrell som vert landa i Noreg skal omsetjast gjennom eller med godkjenning av Norges Sildesalgslag.
- 9** Norske fartøy skal kunne lande på Færøyane etter eiga avgjerd all makrell som er fiska i farvatn under færøysk jurisdiksjon.

- 10 Norske fartøy som fiskar makrell i det særlege området hvor Færøyane og Det britiske samveldet har rett til at utøve sine respektive jurisdiksjonar og rettigheter skal rapportere i medhald av føresegnene i paragraf 7 i *Protokoll fra Drøftelser mellom Norske og Færøyske Myndigheter* datert 8. desember 2020.
- 11 I tillegg til gjeldande kontrollpunkt kjem nytt kontrollpunkt «India» i posisjon N64 10 – E 000 00.


16. juli 2021

For Færøyane



Herluf Sigvaldsson

For Noreg



Ann Kristin Westberg